



Jurgita er svært fornøgd med dei første dagane på Saja café.

**Kafèvert Jurgita Zemaitaitiene er godt fornøgd med dei første dagane med drift av Saja café på Brekktoppen i Uskedalen. Ho er godt fornøgd med besøket, og ho er svært glad for alle dei gode tilbakemeldingane. Kundane er svært fornøgd med maten dei får servert. Kristi Himmelfartsdag og 17.mai slår no den vesle, intime kafèen til med kanontilbud. Desse dagane kan gjestene kjøpe mat til halv pris.  
- Vi gjer dette for at endå fleire skal få smake maten vi serverer, seier kafèverten.**

Ho fortel om bra besøk etter at dei opna lørdag, og i går, tirsdag, var det til dømes godt besøk frå kl. 12.30 og utover til stengt tid. Då eg var innoom i halv firetida, var det fullt med gjester ved alle borda. Mange kjøpte middag, medan andre hadde kake, kaffi og brus.

'Testpanelet' vårt kjøpte middag, og alderen på dei 8 varierte frå 16 år til nærmare 60. Dei prøvde dei fleste middagsrettane, og samtlege var veldig godt fornøgd med det dei fekk servert. Vi bad ikkje om terningkast, men det høyrdest ut som mange kunne ha komme opp med ein seksar på terningen! Alle rosa den velsmakande maten!

I tillegg til gjestene i kafèen var og kundar innoom og henta med seg middag. Det er verd å merke seg at Saja café har take away-ordning, og det er berre å ringa telefonnummer 966 94 804 når ein vil bestilla mat.

Kafèen har no ope alle dagar frå kl.11.00 til kl.22.00. Jurgita seier at dei vil tilpassa opningstidene etterkvart. Ho seier og at dei heile tida vil justere menyen. Dei har alt no innført barneprisar på 'ordinære' rettar i tillegg til den faste barnemenyen.

Ein ting som foreløpig ikkje er på plass, er betalingsterminal. Den kjem forhåpentlegvis innan 1 veke eller 2. Før den tid må det betalast med kontantar.

Det er ein koseleg og intim café vi har fått i Uskedalen. I morgon vert det nok ekstra mange som legg middagen

15.11.2020

Uskedal Utvikling

dit.

Av: Thor Inge Døssland.